

Har teke idrettsmerket 50 gonger!

21.01.2009



Typisk nok var Åshild Sjøwall med på trim-time i Aktivitetshuset då uskedalen.no skulle gratulere henne med dei 50 idrettsmerkene onsdag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Åshild Sjøwall (72), eldsjel nummer ein for idrettsmerkesaka i Uskedalen, har no passert ein sjeldan milepel: Ho har sjølv teke merket 50 gonger, går det fram av årsrapporten til nemda. Men Tordis Myklebust ligg ikkje langt etter, med sine 47 gonger, Deretter kjem Astrid Haugland og Aslaug Lyse med 42 kvar.

Her er dei ni andre på statistikken og som også tok merket i 2008: Steinar Kroka 36, Vivik Rimestad 29, Ingrid Kroka 24, Kjersti Bråten 23, Sidsel Stigum 23, Kurt Haugland 19, Edit Haugland 19, Jostein Saghaug 9 og Britt Torill Mathiesen 1. Det var med andre ord 13 idrettsmerketakarar i Uskedalen i fjor.

Åshild vil snart få 50-årsmerket med Norges Idrettsforbunds diplom og det kompletterar ei frå før imponerande trofesamling. Kruset fekk ho allereie i 1978 etter å ha passert 45 poeng og så kom miniatyrstatuetten i bronse, sølv og gull. Statuettklubbens heiderpris fekk ho i 1991 og veteranskjoldet i 2002.

Sidan ho tok første merket då ho budde i Matre i 1964 har ho "mista" berre eitt. Det var det året då ho skifta ein hjarteklaff! I Uskedalen har ho teke merket sidan 1976.

Åshild beklagar at at ikkje fleire tek idrettsmerket då dette er ei "gulrot" og ein fin måte å halda seg i form på. Krava er vel tilpassa dei einskilde aldersgruppene. Og klarar ein ikkje merket første gongen, er det greitt å freista att.

Av Ola Matti Mathisen



Åshild (lengst til høyre) på trim i Aktivitetshuset. Lengst til venstre står Gunvor Myklebust som leiar trimmen og deretter kjem Hilda Guddal, Eva Myklebust, Edith Kjærland, Else Naasen, Målfrid Utne, Arnhild Myklebust, Anne Gurine Bringedal og Gudrun Eidsvik. (Foto: Ola Matti Mathisen)